



Trond Hjelmeland
Stasjonsvegen 21d
5221 Nesttun

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5733 - 22/57719

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
21.07.2022

Ferdigattest - gbnr 121/10 Knarvik

Administrativt vedtak:

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Søknadstype:

Saknr: 795/22

Trond Hjelmeland
Lokøy Maskin og rørservice AS
Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for etablering av slamavskiljar med tilhøyrande leidningsnett på gbnr 121/10. Knarvik

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 18.09.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.03.2022 og supplert 12.04.2022.

Skildring

Adresse:	Knarvikgarden 47
Tiltak:	Etablering av slamavskiljar og tilhøyrande leidningsnett

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5733

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lokøy Maskin Og Rørservice As	Ervikveien 74	5106	Øvre Ervik
Trond Hjelmeland	Stasjonsvegen 21d	5221	Nesttun